



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2020	Eldrerådet	PS	28.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/772

OMSORG PLUSS - ORIENTERINGSSAK

Vedlegg:

Hefte til Omsorg pluss bebruarane. Oppdatert 2020_

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Eldrerådet - Sak 06/2020

ELD - Behandling:

Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik orienterte om tilbodet og svara på spørsmål.

ELD - Tilråding/Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Saksopplysningar:

Vaksdal kommune oppretta hausten 2018 fem plassar for Omsorg pluss i 3. et. i Helsehuset. Bueininga vart oppretta ved å nytta seks omsorgsbustadar som var plassert slik at dei naturleg danna ei bugruppe. Den eine omsorgsbustaden vert nytta som fellesareal i bueininga. I Vaksdal kommune hadde ein ikkje hatt dette omsorgstilbodet tidlegare, og ved oppretting av denne bugruppa fekk omsorgstrappa i kommunen eit nytt trinn.

Omsorg pluss omgrepet vert brukt for å skildra eit omsorgstilbod som ligg mellom «vanlege» omsorgsbustadar og institusjonsplass. Mange kommunar har gode erfaringar med denne buforma, og nokre kommunar har satsa mykje på dette tilbodet og bygt ned tradisjonelle institusjonsplassar.

I Omsorg pluss skal det liggja meir tenester/tilbod enn i ordinære omsorgsbustadar. Det mest vanlege er at det er personell til stades på bugruppa store delar av døgnet, og at det er tilbod om felles måltid og aktivitetar. Bebruarane i Omsorg pluss får tildelt plassen gjennom vedtak etter

helse- og omsorgstenestelova og ut frå vurdering av helse, funksjonsnivå og hjelpebehov. Dei er definerte som heimebuande i følgje lovverk og betaler husleige der kostnad for ekstra tenester er medteken.

I Vaksdal kommune betalar bebuarar i Omsorg pluss kr. 14.716,- pr. mnd. I denne prisen ligg husleige for eiga leilegheit og del av fellesareal, kommunale avgifter, oppvarming, medisin og medisinsk utstyr, mat og drikke, inkontinensutstyr, vaskeritenester, legetenester og transport som inngår i frikortandel.

I tillegg kjem betaling for praktisk bistand og tryggleiksalarm utrekna etter inntekt. Bebuarane må sjølve betala for: mobil/fasttelefon, fjernsyn i eiga leilegheit, frisørtimar og liknande eigenpleie, toalettsaker som tannkrem og shampoo, møblar og private klede.

Det vert ikkje betalt for bemanning då denne vert rekna som ein del av heimesjukepleien.

Opphald på sjukeheim er institusjonsopphald. Betaling for institusjonsplass er regulert av forskrift, og pasient betalar ut frå inntektsgrunnlag (G). Betaling for omsorg pluss vert regulert av satsar for kommunal utleige (indeksregulert ein gong i året). Betaling for praktisk bistand vert politisk vedteken årleg i samband med årsbudsjett. Ein person med pensjon på 250.000 i året (ca. 18.000 pr. mnd.) vil betala om lag det same for institusjonsplass og Omsorg pluss. Dei som bur i Omsorg pluss, kan søkja bustøtte slik som andre heimebuande.

Sjå vedlagde hefte for meir informasjon om Omsorg pluss tilbodet i Vaksdal kommune.

Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik vil orientera om Omsorg pluss under saka.